



Kåre Romarheim  
Kåre Romarheim  
Leknesvegen 163  
5915 Hjelmås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3962 - 15/19990

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
22.05.2015

## Vedk byggesak GBNR 137/771 Alver - søknad om dispensasjon

Til tiltaskhavar: Krom Holding AS

Til ansvarleg søkjar: Nordhordland Ingeniør og Byggmesterforretning AS

Brevet har ei framstilling som eg ikkje kjenner meg igjen i. Eg vil likevel knytte nokre merknader som eg håper blir teke godt imot:

- Slik eg husker samtalen var vi einige om at det var ei betre løysing å forfylgje saka som eventuell klagesak utan at saka hadde manglar i form av manglande dispensasjonssøknader. Ein kunne i klageomgangen for fylkesmannen hevde at det ikkje var naudsynt med søknader om dispensasjon. Fylkesmannen ville da kunne ta stilling til rettsanvendelsen av heile saka:

Det var etter mi vurdering ikkje ein fordel for søkjar at Fylkesmannen berre tok stilling om saka var godt nok opplyst og om naudsynte dispensasjonssøknader låg føre ved ein eventuell retur/avslag av søknen.

- 1) Skulle fylkesmannen vere einig med søkjar sine vurderingar av planen, ville saka bli sendt tilbake til kommunen for ny handsaming. Skulle fylkesmannen derimot vere einig i kommunens vurdering av planen, ville søkjar måtte sende inn ny søknad og søknad om dispensasjon.
  - 2) Ved ei ny vurdering av saka (der tiltaket også vart teke opp til realitetshandsaming), ville saka måtte påklagast på nytt til fylkesmannen ved ev. negativt kommunal vedtak.
- Du står sjølvsgt fritt til å trekke heile eller delar av søknaden som det måtte passe deg – og fylgje det saksløpet du sjølv måtte ynskje.
  - Fristen for å fremje saka for dei ordinære domstolane byrja ikkje å løpe før saka har blitt avgjort av den høgaste klageinstans (fylkesmannen), jf. Fvl. § 27 b.
  - Administrasjonen er positiv til å gje løyve til oppføring av tomannsbustader innanfor reguleringsplanens virkeområdet dersom tilhøva ligger til rette for det. Når det gjeld dei tilhøva som er gjort greie for overfor planutvalet, så har dei ikkje vert vurdert på eit tidlegare stadium.



- Administrasjonen meiner framleis at det å søke om dispensasjon for å føre opp ein bustad på denne eigedomen er ein formalitet. Vi er utelukkende positiv til at det vert bygd på eigedomen. Dette går også fram av utvalssaka.
- Eg vidaresendte deg ein epost den 02.05.2014 som viste:
  - a) Korleis vi praktiserer føresegnene i planen: illustrasjonsplanen er bindande med omsyn til plassering av nye bustadhus osv:  
Arealet skal byggjast ut med bustadhus, slik det er synt i illustrasjonsplanen -
  - b) Kva vi hadde vert positive til når det gjaldt nye bustadhus på andre eigedomer

I samtale med Vestlandshus Mjelde AS meldte vi frå at med  $U=0,35$  meinte vi %BRA rekna ut i forhold til denne tomte. Som det går fram av eposten så var opphavsleg utnyttingsgrad for bustader (utanom B1-B3) på 0,1-0,15 utrekna etter andre reglar (sjå rettleiar grad av utnytting).

Eg oppfattar brevet ditt som ei tilbaketrekking av søknad om dispensasjon. Saksframlegg til PMU vil soleis bli stoppa. Vidare handsaming av saka vil skje i eigen prosess.

Eg er taknemleg for omgåande tilbakemelding dersom eg har misforstått dykkar brev.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kåre Romarheim

Leknesvegen 163 5915

Hjelmås